



RENOVEST

Miljøvern i praksis

Strategiplan

2022 – 2026

Vedtatt i styret – Sak 18/2021

Vedtatt i representanskapen (med tillegg - «Strategimål 1») – Sak 04/2022

Innhald

Innleiing	3
Visjon	3
Strategiske mål i perioden 2022 – 2026	4
Strategiske grep for å nå måla	5
Organisasjonen Renovest	8
Vedlegg 1 – Fakta om Renovest.....	9
Vedlegg 2 – Statistikk – mengder og materialuttvinningsgrad for ordningane og disponering	12
Vedlegg 3 - Kort oppsummering av EU sitt rammedirektiv for avfall.....	17
Vedlegg 4 – Klimamål - nasjonalt og regionalt	18
Vedlegg 5 – Sirkulær økonomi.....	19

Innleiing

Strategiplanen skal fungere som eit overordna styringsinstrument for Renovest sine eigarar og organisasjonen sjølv, og som informasjon for abonnentane våre. Planen synleggjer visjonen om kvar verksemda skal vere om fem år, og legg fram strategiske mål som underbyggjer denne visjonen. Han peikar òg på kva for vegval og grep vi ynskjer å ta for å nå måla. Dei meir konkrete handlingane vi skal gjere for å nå måla, og kva tid vi skal gjere dei, vil bli utforma i eigne planar for verksemda og er såleis ikkje ein del av denne planen.

Strategiplanen er bygd opp rundt dei tre hovudelementa som figuren under viser.



Visjon

Miljøvern i praksis

Renovest¹ spelar, saman med andre aktørar i avfalls- og attvinningsbransjen, ei nøkkelrolle for miljøløysingar i regionen. Organisasjonen Renovest er viktig i overgangen til sirkulær økonomi, der ein oppnår auka velferd og økonomisk vekst samstundes som ein reduserer klimagassutslepp og forbruk av ressursar. Renovest skal bidra til eit sirkulært berekraftig samfunn med reduserte klimagassutslepp gjennom utnytting av ressursane i avfall og avløpsslam. Renovest løyser slik eit viktig samfunnsoppdrag for eigarar, innbyggjarar og andre som nyttar tenestene organisasjonen tilbyr.

Visjonen skal gjere innbyggjarane i Renovest-kommunane trygge på at selskapet tek miljøvern på alvor.

¹ Kort om Renovest, vedlegg 1.

Strategiske mål i perioden 2022 – 2026

Renovest har valt tre strategiske mål som skal føre regionen i ei utvikling mot eit meir fornybart samfunn gjennom auka kjeldesortering, gjenbruk og attvinning, og gjennom å sikre at avfall og slam vert handsama av selskapet på ein berekraftig måte.

Selskapet arbeider for god ressursutnytting av avfall i tråd med nasjonale mål og EU sitt rammedirektiv². Det inneber gode løysingar som legg til rette for gjenbruk, materialattvinning og energiattvinning. Vi legg vekt på sorteringsordningar som skal sikre god kvalitet på råvarene, og som stettar krav stilte av attvinningsbedriftene vi leverer til. Renovest ynskjer at alle innbyggjarane og brukarane av alle hyttene i regionen vår skal oppleve at dei har ei velfungerande sorteringsordning. Abonnentane skal vere trygge på at jobben dei gjer bidreg til eit betre miljø og god ressursutnytting av avfallet.

Organisasjonen Renovest skal vere ein attraktiv arbeidsplass med godt omdøme. Han skal medverke til grøne arbeidsplassar og verdiskaping, som ein viktig regional samfunnsaktør i eit sirkulærøkonomisk³ perspektiv.

Strategimål 1

Renovest skal levere brukarvenlege og tidsmessige løysingar for å oppnå minst 55 % materialattvinning innan 2025, med høg miljønytte på nedstrømsløysingane, og i tillegg innføre separat innsamling av farleg avfall.

Strategimål 2

Renovest skal kutte 60% i direkte klimagassutslepp innan 2030 samanlikna med 2009, og medverke til at eigarkommunane når klima- og miljømåla sine.

Strategimål 3

Renovest som organisasjon skal medverke til grøn verdiskaping, nyskaping og arbeidsplassar i det grøne skiftet.

² EU sitt rammedirektiv og mål innan avfallshandtering, vedlegg nr 3.

³ Kort om sirkulærøkonomi, vedlegg nr 5.

Strategiske grep for å nå måla

I strategiplanen vert det peikt ut ei retning for Renovest si framtid, og det vert lagt fram særskilte strategiske grep som så leggst til grunn for meir detaljerte handlingsplanar. Handlingsplanane vil vise kva for spesifikke tiltak ein skal iverksette, og når dei skal gjennomførast.



Strategimål 1: Renovest skal levere brukarvenlege og tidsmessige løysingar for å oppnå minst 55 % materialattvinning innan 2025, med høg miljønytte på nedstraums-løysingane.



I målet ligg det eit fokus på å utnytte ressursane i avfallet, slik at mest mogleg av avfallet vert vunne att til nye produkt eller råvarer. Basert på tala for 2020 er materialattvinningsgraden for den samla avfallshandteringa i Renovest på 27 %⁴. Ein må vurdere ulike verktøy og metodar for å oppnå auka materialattvinning. Dette gjeld både korleis ein kan påverke innbyggjarane til meir rett sortering gjennom informasjon og

⁴ Status attvinning i Renovest og disponering av fraksjonar, vedlegg 2.

opplæring, og kva som kan gjerast av andre tiltak for å betre sorteringa. Digitalisering kjem til å bli eit viktig verktøy i tida framover.

Renovest skal vere til for abonnentane. Tenestetilbodet skal vurderast etter kor nøgde abonnentane er. Løysingane skal vere tidsmessige og brukarane skal oppleve at dei gir god miljønytte og er av god kvalitet. Organisasjonen skal kontinuerleg arbeide for å utvikle og betre løysingane og tenestetilbodet.

Strategiske grep for måloppnåing:

- Etablere like kjeldesorteringsordningar med tanke på typar avfall ved husstandar, hytter, skular, barnehagar og andre kommunale/statlege institusjonar.
- Vidareføre den auka merksemda på ordninga for hytter.
- Marknadsføre og vidareutvikle bestillingsløysingar for henting av grovavfall frå husstandar og hytter.
- Vurdere løysingar for å motivere til betre sortering av enkeltfraksjonar, og med det redusere mengda med restavfall.
- Drive opplæring og kunnskapsformidling særskilt retta mot skular, barnehagar og andre kommunale/statlege institusjonar.
- Vurdere materialattvinningsløysingar gjennom eit regionalt samarbeid innan avfalls- og slamområdet
- Ha ein informasjonsstrategi og -plan som dannar grunnlaget for informasjon om alle ledd i avfallsordninga, som kunden opplever er lett forståeleg og lett tilgjengeleg.
- Etablere og drifte ei sorteringsordning som kundane opplever som så enkel at *maksimalt* 45 % av avfallet blir restavfall innan 2025.
- Sikre gode tømmerutinar av avfallsbeholdarar hos alle abonnentar.
- Sørge for god kvalitetsmessig tømning av alle slamavskiljarar som i sin tur sikrar funksjonaliteten til avløpsanlegga.

Strategimål 2: Renovest skal kutte 60% i direkte klimagassutslepp innan 2030 samanlikna med 2009, og medverke til at eigarkommunane når klima- og miljømåla sine.

Utvikling av gode sirkulære avfallsløysingar er viktig i tida framover, og vil påverke resultatane av eigarkommunane sine klima- og miljømålsettingar, i tillegg til dei overordna regionale og nasjonale klimamåla⁵.

Ei god rapportering på oppnådde klimagevinstar vil vere eit godt verktøy i arbeidet vidare når Renovest skal vise effekten av grepa som er gjort for å nå målsetjingane til

⁵ Klimamål – nasjonalt og regionalt, vedlegg 4.

organisasjonen. Det same gjeld for eigarkommunane når dei skal rapportere om arbeid med og resultat av eigne klima- og miljømål. Rapporteringa vil òg danne eit viktig grunnlag for opplæring og kunnskapsformidling om dei tiltaka som vert gjort på fagområdet til Renovest.

I rolla som offentleg innkjøpar vil Renovest stille miljøkrav som bidreg til å utvikle marknadane for produkt laga av resirkulerte råvarer, og drivstoff produsert på avfall (biogass).

Renovest vil ha som mål at kommunane skal dra nytte av fagkunnskapen og kompetansen i organisasjonen i det kommunale arbeidet med å redusere klimagassutslepp.

Strategiske grep for måloppnåing:

- Gjere innkjøp og utvikle tenester som reduserer klimagassutsleppa frå hushalda og næringslivet, innanfor rammene av innkjøpsstrategien og verksemdplan for verksemda.
- Ha fortløpande oppdatering av klimarekneskapen for aktivitetane til Renovest.
- Vurdere den framtidige slamhandteringa, der klimarekneskapen inngår som ein del av vurderingsgrunnlaget.
- Arbeide for å kunne utnytte biogass eller andre fornybare drivstoff til alle køyretøy.
- Bidra til etablering av fyllestasjon i regionen for biogass og eventuelt andre fornybare drivstoff.
- Vurdere å bli medlem i Klima- og energinettverket for Vestfold og Telemark.

Strategimål 3: Renovest som organisasjon skal bidra til grøn verdiskaping, nyskaping og arbeidsplassar i det grønne skiftet.

Avfallsressursane i Renovest sin region er viktige i det grønne skiftet som skal føre til ei omstilling til eit berekraftig samfunn. Omstillinga vil verte utfordrande for samfunnsaktørane, men òg gi nye moglegheiter. For bransjen vår vil det grønne skiftet vere ei endring som gir verdiskaping og arbeidsplassar.

Strategiske grep for måloppnåing:

- Utvikling av framtidsretta sorterings- og disponeringsløyisingar for avfallsressursane.
- Utvikle Renovest til ei Miljøfyrtårn-bedrift og bidra til at andre verksemdar gjer det same, og tilby opplæring og kunnskapsformidling om sirkulær økonomi i praksis.
- Invitere næringslivet med på samhandling for det grønne skiftet og grøn verdiskaping.

Organisasjonen Renovest

Renovest løyer eit viktig samfunnsoppdrag for innbyggjarane og eigarkommunane. Renovest vil tene som eit viktig verktøy i arbeidet mot dei strategiske målsettingane i avfallssektoren og arbeidet med klima og berekraft. Med sin fagkunnskap og kompetanse vil dei menneskelege ressursane vere viktige i arbeidet for å nå måla som er sette.

I den nye strategiperioden legg ein opp til at struktur og arbeidsmåte skal vidareførast. Arbeidsmåten er i stor grad basert på å bestille tenestene. For å få til ei ønskt utvikling av nye og betre løysingar vil vi fokusere på måten vi kjøper inn tenestene på, og søkje innovasjon òg på dette området. Renovest vil som organisasjon ha fokus på god personalforvaltning, som gjer organisasjonen til ein interessant og attraktiv arbeidsplass.

Verdiar

R	Rause. Vi er inkluderande, deler og byggjer kompetanse og alliansar med alle.
E	Engasjerte. Vi brenn for miljøet.
N	Nyskapande. Vi er eit selskap som er innovativt og kontinuerleg søker betre løysingar.
O	Optimistiske. Vi trur vi kan utgjere forskjellen i arbeidet med det grønne skiftet til eit fornybart samfunn.
V	Visjonære. Vi er framtidsretta og nyskapande.
E	Entusiastiske. Vi er engasjerte, positive og finn glede i å dele informasjon om den viktige samfunnsoppgåva vi utfører.
S	Samfunnsnyttige. Vi forvaltar innbyggjarane sine ressursar på beste måte.
T	Truverdige. Vi er opne, ekte, ærlege, held det som vert lova i alle ledd og når måla våre med nøyaktigheit og integritet.

Vedlegg 1 – Fakta om Renovest

Renovest IKS har sidan 1999 hatt ansvar for handtering av avfall og septik/slam i Vest-Telemarkregionen. Verksemda er lokalisert med hovudmottak i Brunkeberg i Kviteseid kommune. Renovest IKS tek årleg hand om ca. 10 000 tonn avfall, og verksemda sin innsats er eit viktig bidrag i miljørekneskapen for regionen.

Mottaksstader er spreidd over heile Vest-Telemark, og har pt. tolv fast tilsette. Saman med underleverandørane våre, indirekte knytt til aktiviteten vår, tel vi i overkant av 20 stillingar (avhengig av årstida).

Renovest IKS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Seljord, Kviteseid, Fyresdal, Tokke og Vinje.

Renovest tek i dag hand om avfallet frå hytter og hushald i regionen. Hovudtyngda av hytteabonementane ligg i Vinje kommune med sine seks tusen hytter, og dei resterande fire tusen er fordelt på dei andre fire eigarkommunane. Hushaldsrenovasjonen tel nær seks tusen abonnentar. Renovest vil årleg, i neste femårsperiode, omsetje for meir enn 50 millionar kroner.

Formål

Formålet til selskapet er å ta hand om eigarkommunane sitt ansvar for handtering av avfall, slik at avfallet blir handtert på ein miljømessig, teknisk og økonomisk forsvarleg måte.

Selskapet skal:

- etablere, eige og drive anlegg for mottak, handsaming og deponering av avfall for dei fem kommunane i samsvar med forureiningslov og konsesjonsvilkår,
- vere ansvarleg for innsamling, transport og handsaming av alle avfallstypar etter lovverk og føresegner,
- ta seg av all innsamling og vidare handsaming av slam frå reinseanlegg, septiktankar og lukka anlegg,
- drive informasjon, samordning, rådgjeving og tilrettelegging knytt til avfallshandtering.

Selskapet kan handtere næringsavfall og ta på seg oppgåver frå andre kundar enn eigarkommunane så langt det ikkje er i strid med krava til eigenregi. Selskapet kan kjøpe tenester til drifta frå andre, dersom dette er tenleg.


Selskapet avgjer i kva grad drifta skal nytte eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leige og/eller driftsavtaler med kommunar, verksemdar eller personar.

Representantskapet kan vedta at selskapet deltek i andre føretak dersom føretaket har avgrensa ansvar og dersom slik deltaking fremjar selskapet sitt føremål og kompetanse og/eller tek sikte på å gje tekniske/økonomiske og miljømessige driftsføremøner.

For same føremål kan selskapet stifte dotterselskap som vert eigd fullt ut av RENOVEST IKS.

Kommunane skal samordne sine renovasjonsføresegner slik at dei vert like, og samsvarar med denne selskapsavtala.


Organisasjonen Renovest



Tenesteområde

Renovest utfører lovpålagde tenester på vegne av eigarane sine. Selskapet har i tillegg fått i oppgåve å utføre enkelte tenester innan næringsavfall, der det er fri konkurranse. Tenestene er vist i figuren under.

- Lovpålagde tenester ■
- Tenester i frikonkurranse (næringskapittel) ■



Vedlegg 2 – Statistikk – mengder og materialattvinningsgrad for ordningane og disponering

Henteordningar for avfall - mengder i 2020

Med henteordningar meiner ein her ordningar med innsamling/ henting av avfall ved husstandar, ved returpunkt for hytter og hos næringsabonnentar (t.d. skular og barnehagar).

Heilårsbustadar - hushald

Avfallstype	Mengde i tonn (2020)	Prosent	Mengde til materialattvinning, tonn	Prosentdel til materialattvinning
Matavfall	545	26	463	22
Papp og papir (PP)	384	19	346	17
Glas og metall (GM)	154	7	154	7
Plastemballasje	98	5	65	3
Restavfall	890	43	0	0
Sum totalt	2071	100	1028	50

Hytter, returpunkt

Avfallstype	Mengde i tonn (2020)	Prosent	Mengde til materialattvinning, tonn	Prosentdel til materialattvinning
Matavfall	68	3	58	2
Papp og papir (PP)	139	5	125	5
Glas og metall (GM)	144	6	144	6
Plastemballasje	4	0	3	0
Restavfall	2192	86	0	0
Sum totalt	2547	100	330	13

Næring

Avfallstype	Mengde i tonn (2020)	Prosent	Mengde til materialattvinning, tonn	Prosentdel til materialattvinning
Matavfall	72	36	61	30
Papp og papir (PP)	39	19	35	17
Glas og metall (GM)	1	0	1	0
Plastemballasje	7	3	5	2
Restavfall	82	41	0	0
Sum totalt	201	100	102	51

Totalt for henteordningar

Avfallstype	Mengde i tonn (2020)	Prosent	Mengde til materialattvinning, tonn	Prosentdel til materialattvinning
Matavfall	685	14	582	12
Papp og papir (PP)	562	12	506	10
Glas og metall (GM)	299	6	299	6
Plastemballasje	109	2	72	1
Restavfall	3164	66	0	0
Sum totalt	4819	100	1459	30

Bringeordning for avfall – mengder i 2020

Med bringeordningar meiner ein her ordningar der abonnentane sjølv leverer avfallet til attvinningsstasjonar ved Brunkeberg avfallsmottak, Skårmoen avfallsmottak, Vistad avfallsmottak og Hovdestad avfallsmottak.

Heilårsbustadar og hytter

Avfallstype	Mengde i tonn (2020)	Prosent	Mengde til materialattvinning, tonn	Prosentdel til materialattvinning
Matavfall	74	2	63	2
Papp og papir (PP)	140	4	126	4
Glas og metall (GM)	32	1	32	1
Plastemballasje	15	0	10	0
Metall og kabel	436	13	381	11
Trevirke	1 161	33	0	0
Park- og hageavfall	214	6	214	6
Trykkimpregnert	105	3	0	0
Asbest	21	1	0	0
Gips	20	1	14	0
Restavfall	1 251	36	0	0
Sum totalt	3 468	100	839	24

Næring

Avfallstype	Mengde i tonn (2020)	Prosent	Mengde til materialattvinning, tonn	Prosentdel til materialattvinning
Matavfall	23	2	20	2
Papp og papir (PP)	44	4	40	4
Glas og metall (GM)	10	1	10	1
Plastemballasje	5	0	3	0
Metall og kabel	138	13	120	11
Trevirke	366	33	0	0
Park- og hageavfall	67	6	67	6
Trykkimpregnert	33	3	0	0
Asbest	7	1	0	0
Gips	6	1	4	0
Restavfall	395	36	0	0
Sum totalt	1 095	100	265	24

Totalt for bringeordningar

Avfallstype	Mengde i tonn (2020)	Prosent	Mengde til materialattvinning, tonn	Prosentdel til materialattvinning
Matavfall	23	2	20	2
Papp og papir (PP)	44	4	40	4
Glas og metall (GM)	10	1	10	1
Plastemballasje	5	0	3	0
Metall og kabel	138	13	120	11
Trevirke	366	33	0	0
Park- og hageavfall	67	6	67	6
Trykkimpregnert	33	3	0	0
Asbest	7	1	0	0
Gips	6	1	4	0
Restavfall	395	36	0	0
Sum totalt	1 095	100	265	24

Samla mengde og materialattvinning i 2020

Summen av mengder frå hente- og bringeordningar er vist i tabellen under.

Avfallstype	Mengde i tonn (2020)	Prosent	Mengde til materialattvinning, tonn	Prosentdel til materialattvinning
Matavfall	782	8	665	7
Papp og papir (PP)	746	8	671	7
Glas og metall (GM)	341	4	341	4
Plastemballasje	129	1	85	1
Metall og kabel	574	6	502	5
Trevirke	1 527	16	0	0
Park- og hageavfall	281	3	281	3
Trykkimpregnert	138	1	0	0
Asbest	28	0	0	0
Gips	26	0	18	0
Restavfall	4 810	51	0	0
Sum totalt	9 382	100	2563	27

Disponering av dei ulike typene avfall

Avfall som vert samla inn og tatt imot av Renovest vert levert til mange ulike avtalepartar. Tabellen under viser kven det er som mottek kvar enkelt avfallstype, kven som er sluttbrukar, kva form for attvinning avfallet går gjennom og kor stor del av avfallet som vert vunne att.

Avfallstype	Avtalepartnar	Slutthandsamar	Andel type attvinning
Restavfall	Bjorstaddalen Næring AS	50% - Sarpsborg Avfallsenergi AS	100% - energiattvinning
		50% - Tekniska Värken Lindköping	100% - energiattvinning
Trevirke	Norsk Gjenvinning AS	Tekniska Värken Lindköping	100% energiattvinning
Trevirke CCA/kreosot	Norsk Gjenvinning AS	Norcem / Heidelberg Cement	100% energiattvinning
Papir	Norsk Gjenvinning AS	Norske Skog Skogn	92% materialattvinning 8% energiattvinning
Papp	Norsk Gjenvinning AS	Ranheim Paper & Board	87% materialattvinning 13% energiattvinning
Plast	Grønt Punkt	Vogt Plastic GmbH - Premnitz Geminor - Landskrona Kedenburg - Beckum	100% materialattvinning 100% materialattvinning 100% materialattvinning
Organisk (matavfall)	IATA IKS	IATA Næring AS	Anslag 85% - materialattvinning
Metall	Stena Recycling	Stena Recycling Skien, Havnevegen 80	Materialattvinning: 87,4% Energiattvinning: 6,8% Deponi: 5,8%
Glas/småmetall	Sirkel Glass AS	Glas - Sirkel, Fredrikstad Magnetisk metallemb. - Celsa Stål Aluminium etc - omsmelting i Europa	Glas - materialattv. - 100% Metall (samla) - materialattv. 91%
Farleg avfall: Kvikksølvholdig avfall	Norsk Gjenvinning AS	Indus AS	Deponi
Olje, maling, uorg. Salt, syrer, basar, reingj.m.	Norsk Gjenvinning AS	Renor as / Fortum Nyborg	100% Energiattvinning
Oljefilter, lystoffrør og sparepærer, blyakkum., småbatteri.	Norsk Gjenvinning AS	Renor AS, Revac AS Batteriretur AS, Revac AS	90%-100% Materialattvinning

Vedlegg 3 - Kort oppsummering om EUs rammedirektiv for avfall

EU-regelverket dreg fram talfesta mål som foreløpig ikkje er tekne inn i EØS-avtalen, men som ein reknar med vil gjelde for Norge gjennom EØS-avtalen på sikt. Dette vert nærare omtalt i «Avfallsplan for 2020–2025» frå Miljødirektoratet (Rapport M-1582/2019).

I 2008 vedtok EU eit rammedirektiv for avfall som blant anna set krav til medlemslanda om å materialattvinne eller førebu til ombruk minst 50 % av fraksjonane papir, metall, plast og glas innan 2020.

I mai 2018 godkjende EU sitt ministerråd ein ny avfallspakke som omfatta ei revidering av seks direktiv som regulerer avfallsbransjen. Dei nye føresegnene omfatta blant anna:

- Obligatorisk utsortering av matavfall frå både hushald og næringsverksemdar i medlemslanda innan utgangen av 2023
- Innføre separat innsamling av tekstil og farleg avfall frå 2025

I EU-kommisjonen sine reviderte avfallsdirektiv er det òg sett nye og reviderte mål for materialattvinning av avfall. Desse omfatta blant anna:

- 65 prosent materialattvinning av hushaldsavfall, og tilsvarande næringsavfall, innan 2035 - aukande frå 55 prosent innan 2025 og 60 prosent innan 2030
- 70 prosent materialattvinning av emballasjeavfall innan 2030 - aukande frå 65 % i 2025
- Krav til å iverksetje tiltak for avfallsreduksjon, t.d. med omsyn til bygningsavfall og matavfall

I tillegg la Europakommisjonen i januar 2018 fram ein plaststrategi. Strategien inneheld 39 tiltak som skal medverke til meir berekraftige forbruks- og produksjonsmønster for plast, og ein meir berekraftig og innovativ plastindustri. Strategien inneheld blant anna tiltak som skal bidra til at bruken av eingongsartiklar og utslepp av mikroplast vert redusert, og tiltak mot plast på avveggar - særleg forsøpling som fører til plast i havet.

Vedlegg 4 – Klimamål - nasjonalt og regionalt

Noreg ynskjer å kutte klimagassutsleppa sine i samarbeid med EU som har auka sitt klimamål for 2030 til 55 %. Noreg skal kutte sine direkte klimautslepp med minst 50 % og opp mot 55 % innan 2030 samanlikna med 1990-nivå, og ytterlegare med 90-95 % i 2050 samanlikna med 1990⁶.

Fylkestinget for Vestfold og Telemark har vedteke at regionen skal kutte 60% i direkte klimagassutslepp innan 2030 samanlikna med 2009 og vere eit lågutsleppssamfunn innan 2050.

Kommunane og Renovest har ei sentral rolle i å nå måla. Av dei nasjonale utsleppa kan omtrent 20 % knytast til kommunal verksemd, som Renovest er ein del av. Det er utarbeidd regionale og kommunale klimaplanar, der avfall også inngår. I det nye fylket Vestfold og Telemark er det oppretta eit klimanettverk etter klimapartnermodellen som er i bruk i mange andre fylke og regionar. Her vert det lagt opp til at alle som deltek i nettverket skal synleggjere sin klimarekneskap. Dette er ein arena det er naturleg at Renovest deltek på.

Renovest vil, i samband med årsrapporteringa si, synleggjere klimarekneskap for utslepp og utsleppsreduksjonar for sine valde avfallsløysingar. Klimarekneskapen har tidlegare blitt laga i 2016, og revidert rekneskap vil ligge føre desember 2021. Renovest vil ta sikte på å nytte eit klimaverktøy for å kunne rekne på klimaeffekten av moglege val for disponering av forskjellige avfallsfraksjonar før avtalar skal underteiknast. Klimaverktøyet blir slik eit avgjerdsverktøy i samband med innkjøp.

⁶ Klimalova med endringar frå 18. juni 2021.

Vedlegg 5 – Sirkulær økonomi

Naturressursane i verda er under auka press. Det er difor avgjerande for klimaet, naturen og miljøet at ressursane vert brukte langt meir effektivt, slik at vi reduserer behovet for å ta ut nye ressursar.

I ein sirkulær økonomi må produkta vare så lenge som mogleg, ved at dei reparerast, oppgraderast og i større grad brukast om att. Når produkta ikkje kan brukast om att, kan avfallet gå til materialattvinning og brukast som råvarer i ny produksjon. Slik utnyttar vi dei same ressursane fleire gongar, og minst mogleg går tapt.

Omstillinga til sirkulær økonomi inneber endringar i design (design for sirkulær økonomi), produksjon, val av produksjonsmetodar og forbruksmønster.

Forbrukarane må få moglegheiter til å ta miljømessig gode val, og dei må få informasjon som hjelper dei til å handle berekraftig. Digitalisering, bruk av tenester og delingsøkonomi er sentralt. Det offentlege kan gjere ein forskjell ved å fremje sirkulær økonomi gjennom dei innkjøpa dei gjer.

Meir effektiv bruk av ressursar reduserer klimagassutslepp, bremser tapet av naturmangfald, reduserer forureiningsbelastninga og bidreg til nye grøne arbeidsplassar og forretningsmodellar. Omstilling til sirkulær økonomi er ein nødvendig del av omstillinga til eit lågutsleppssamfunn, og for å nå FN's berekraftsmål.